



MODALEN KOMMUNE

Kommunal- og regionaldepartementet

Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.: 12/274-3    Arkiv: N-01    Dato:02.10.2012

**MELDING OM VEDTAK.**

**Høyring av framlegg til endring av inndelingslova**

Viser til dykkar brev datert 26.06.2012

**Handsaming i Kommunestyret 27.09.2012**

Samrøystes

**VEDTAK: KS-045/12**

Modalen kommune sluttar seg til departementet sitt alternativ 3, der det vert laga ei bindande forskrift om korleis kraftinntektene skal fordelast ved grensejustering og deling med ein overgangsperiode på 5 år.

Med helsing

*Anneli V. Lilletvedt*

Anneli V. Lilletvedt

Leiar Kundetorget

Vedlegg: Saksframstilling

---

Postadresse:  
Postboks 44  
5729 Modalen

E-postadresse  
[postmottak@modalen.kommune.no](mailto:postmottak@modalen.kommune.no)

Telefon sentral            56 59 90 00  
Telefon sakshandsamar    56 59 90 03  
Telefaks:                    56 59 90 01

  
**MODALEN      KOMMUNE**  
**SAKSPAPIR**

<b>Styre, komite, utval</b> Kommunestyret	<b>Møtedato</b> 27.09.2012	<b>Saknr</b> 045/12	<b>Sbh</b> ØOL
--	-------------------------------	------------------------	-------------------

<b>Sakshandsamar</b> Rådmannen ved Øivind Olsnes	<b>Arkiv:</b> N-01 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 12/274
---	--------------------------------------	-----------------------------

**UTTALE FRÅ MODALEN KOMMUNE - HØYRING AV FRAMLEGG TIL ENDRINGAR AV  
INDELINGSLOVA**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Modalen kommune sluttar seg til departementet sitt alternativ 3, der det vert laga ei bindande forskrift om korleis kraftinntektene skal fordelast ved grensejustering og deling med ein overgangsperiode på 5 år.

**Handsaming i Kommunestyret 27.09.2012**

Samrøystes

**VEDTAK: KS-045/12**

Modalen kommune sluttar seg til departementet sitt alternativ 3, der det vert laga ei bindande forskrift om korleis kraftinntektene skal fordelast ved grensejustering og deling med ein overgangsperiode på 5 år.

## **Bakgrunn for saka :**

Gjeldande inndelingslov tredde i kraft i 2002. Kommunal- og Regionaldepartementet har no gått gjennom lova og erfaringar med ho. Ei viktig erfaring er problemstillingar i høve søknaden om grensejustering mellom Vaksdal og Modalen med overflytting av Eksingedalen og Eidslandet til Modalen.

Departementet avslo denne søknaden i brev av 22. mars 2011. Det vart då signalisert at det var behov for å sjå på reglane i inndelingslova om økonomisk oppgjer, fordi ei endring ville ha innverknad på fordeling av store kraftinntekter knytt til området. Saka om Eksingedalen og Eidslandet synte også at økonomiske konsekvensar knytt til kraftinntektene kunne blokkere for ei grenseendring.

Høyingsinstansane vert invitert til å uttale seg om heile lova. Rådmannen har i si vurdering avgrensa seg til å føreslå ein uttale knytt til:

Pkt. 2 Fordeling av kraftinntekter mellom kommunar ved grensejustering og deling.

## **Vurdering:**

Inndelingslova er ei prosesslov som legg føringar for korleis sakshandsaminga skal vere når det verte teke initiativ til endringar i kommunestrukturen.

Hovudintensjonen med inndelingslova er å leggje til rette for innbyggjarinitierte endringar av kommunegrensene i område der desse i dag ikkje vert vurdert å vere tenlege/funksjonelle.

Departementet sine nye framlegg til regulering av det økonomiske oppgjeret er utforma for at initiativretten etter § 8 i lova skal vere reell også for innbyggjarar i område med store naturressursar.

Ved ei grensejustering skal det gjennomførast eit økonomisk oppgjer mellom kommunane.

Dette er nærmare omtala i rundskriv H-01/07 frå Kommunal- og regionaldepartementet. Utgangspunktet er at kommunane på eiga hand skal prøve å kome til ein avtale i dei tilfelle der eit økonomisk oppgjer er aktuelt. I avtaleprosessen kan kommunane søkje hjelp hos fylkesmannen. Fylkesmannen si rolle er avgrensa til å rettleie og eventuelt informere om regelverket som gjeld i tilfelle det vert aktuelt å ta i bruk skjønnsnemnd i oppgjeret.

Under forarbeidet til inndelingslova vart det allereie konstatert at kraftinntekter kunne vere ei utfordring i det økonomiske oppgjeret ved ei grensending. Saka mellom Modalen og Vaksdal er eit døme på dette.

Om lova skal kunne ha noko reell betyding i tilsvarande område/saker for ettertid, så vil det vere naudsynleg å få til ei klargjering av dei økonomiske konsekvensar i oppgjeret mellom kommunane. Di klarare føringar som er gjort på førehand, di lettare vil det vere å gjennomføre ein prosess i etterkant.

Av den grunn vil rådmannen rå til at det alternativ som er tydelegast på resultat i oppgjeret vert valt som innspel frå Modalen i høyringa.

## Pkt 2: Fordeling av kraftinntekter mellom kommunar ved grensejustering og deling.

Vertskommunar for kraftutbygging kan i dag ha fire inntektstypar frå denne verksemda: *konsesjonskraft*, *konsesjonsavgift*, *naturressursskatt* og *eigedomsskatt* på kraftanlegg.

Departementet har sendt tre alternativ til fordeling på høyring.

### Alternativ 1:

Det første alternativet er å vidareføre avtalefridomen etter gjeldande rett. Dette inneber at det er opp til kommunane å avtale det økonomiske oppgjeret.

Dette alternativet gjev ikkje ei tydeleg løysing på dei problemstillingar som døme frå Modalen / Vaksdal peikar på.

### Alternativ 2:

I alternativ to vert det føreslege at departementet får utvida fullmakt etter § 17 i inndelingslova til å fastsetje ei fordeling av kraftinntektene i ein overgangsperiode (dette eventuelt varierende etter individuell vurdering frå sak til sak).

Ei slik fullmakt vil innebære ei avgrensing i avtalefridomen for kommunane, men kan gje ei konkret løysing som gjer at kommunane går vidare med grenseendringa. Alternativet vil framleis kunne gje uvisse og ulike resultat, men basert på individuell vurdering frå sak til sak.

### Alternativ 3:

I det tredje alternativet vert det føreslege ei ny forskrift som regulerer korleis kraftinntektene skal fordelast mellom kommunane ved grensejustering og deling. Dette vil gje ei føreseieleg fordeling for kommunane.

I framlegget vert det føreslege at *naturressursskatten* (som inngår i inntektsutjamninga i inntektssystemet) og *konsesjonsavgifta* (som går inn i kraftfondet til utbygging av næringslivet) går over til den nye kommunen samtidig med grenseendringa.

Når det gjeld *eigedomsskatten*, som ofte kan ha meir direkte konsekvensar for drifta og dermed tenestene i kommunen, så vert det føreslege ei nedtrapping i overføringa over 5 år.

Nedtrappinga vil føregå ved at den kommunen som overtek eit område som utløyser eigedomsskat knytt til kraftanlegg, betalar tilbake til kommunen som må gje frå seg området, ein del av denne eigedomsskatten i overgangsperioden.

*Konsesjonskrafta* vert føreslege verande i kommunen som må gje frå seg området, udelt i 5 år. Også *konsesjonskrafta* kan utgjere ei betydeleg inntekt som kan ha direkte konsekvensar for drifta / tenestene i kommunen.

Alternativ 3 vil gje eit konkret og føreseieleg resultat, der dei oftast største verdiane - eigedomsskatt og konsesjonskraft - vert delt med ei nedtrapping over ein overgangsperiode.

Departementet ber høyringsinstansane også vurdere om nedtrappingsperioden alternativt bore vere 10 år.

Det er eit faktum at bortfallet av inntekter i einskilde høve kan verte store, og dermed slik at det vil vere krevjande å tilpasse seg endringar i drifta for den som skal gje frå seg ressursar.

Men på den andre sida vil ei lang nedtrappingstid medføra at verknad for mottakar vert mindre, samstundes som naturressursane vert løyst frå det geografisk området som dei er relatert til. I eit tiårsperspektiv kan større endringar i kommunestrukturen også inntreffe og det vil då vere uheldig at verdien av naturressursane ikkje har samsvar med det geografisk området.

Vi syner i den samanheng til vår tidlegare uttale (datert 10.12.2010) til søknad om grensejusteringa mellom Vaksdal og Modalen der vi då peika på:

*”Modalen kommune vil i den samanheng understreka dei uomtvista eigedomsrettar og verdiar som er knytt til naturressursane i eit område, og kva forvaltningspraksis og råderett som er knytt til desse.*

*Å innføre særskilte løysingar av meir permanent karakter og som bryt med dagens etablerte ordningar, finn me svært uheldig både med tanke på økonomi og framtidig forvaltning av vassdrag og naturressursane.*

*Dersom departementet vil føreslå endringar og innføre særskilte verkemiddel i si handsaming av søknaden, så vil Modalen kommune derfor be departementet informere kommunane skriftleg om kva det vil innebera. Likeeins vil Modalen kommune be departementet avklare dette før endeleg svar på søknaden vert gjeven.”*

### **Konklusjon:**

Utifrå ei samla vurdering og for å gje eit best mogleg føreseieleg resultat vil rådmannen rå til Modalen kommune sluttar seg til departementet sitt alternativ 3 - der det vert laga ei bindande forskrift om korleis kraftinntektene skal fordelast ved grensejustering og deling med ein overgangsperiode på 5 år.

### **Vedlegg:**

Høyringsdokument frå Kommunal- og regionaldepartementet, datert 26.06.12.